

## Regional planleggingsdag for skulane 7.november 2025:

### *Skulefråvær – eit «wicked problem»: Saman som kommune står me sterkare*

**Deltakarar:** Alle tilsette ved skulane i Sogn 1. -10. trinn, skuleeigarar, BUP, PPT, barnevern, skulehelsetenesta og andre samarbeidsaktørar rundt barn og unge i Sogn. Tilsette ved VGS er også velkomne.

**Kvar:** Quality Hotel Sogndal, «Fjordsalen»

**Tidspunkt:** Fredag 7.november kl 9.30-15.00. Registrering frå kl 9.00

**Pris:** 500 kr pr. pers som vert fakturert kommunane i etterkant. «System for styrka læring» sponsar om lag 200 kr pr pers for å halde utgiftene for skulane nede. **Bindande påmelding.**

*Det er begrensa med parkering, tenk gjerne samkøyring eller parkering litt lengre unna.*



**Trude Havik er professor** i pedagogisk psykologi ved Læringsmiljøsentret, Universitetet i Stavanger. Trude Havik har doktorgrad i spesialpedagogikk, og har forska på fråværstematikken sidan 2010, og gitt ut boka «Skulefravær- å forstå og håndtere skulefravær og skulevegring». *Foto: UiS*



**Cecilie Udberg-Helle** er utdanna allmennlærer med master i læring og undervisning (tilpassa opplæring for evnerike), master i organisasjon og leiing (utdanningsleiing) og master i spesialpedagogikk (psykisk helse barn og unge, skulefråvær). Ho har undervisningserfaring frå 1. til 13. trinn, samt vaksenopplæring. Leiar no **Sunnfjord kommune** sitt skulefråværsprosjekt og held på med ein doktorgrad om same problematikk. *Foto: Firdaposten*

#### **Tema for dagen er «skulefråvær»**

- Skulefråvær – eit kompleks og samansett fenomen
- Skulen sine mogelegheiter og avgrensingar
- Kvifor jobbe saman om dette i kommunane?

Det blir veksling mellom føredrag og litt summing.

#### **Program:**

09.00- 09.30: Registrering, kaffi/te

09.30- 09.40: Velkommen og presentasjon av initiativtakar: fråværsgruppa i Sogndal kommune

09.40- 10.15: Kvifor eit slikt prosjekt? v/ Cecilie Udberg-Helle

10.15- 10.30: Pause

10.30- 11.30: Skulefråvær – eit "wicked problem": Saman som kommune står me sterkare v/ Trude Havik - del 1

11.30- 11.45: Pause

11.45- 12.50: Skulefråvær – eit "wicked problem": Saman som kommune står me sterkare v/ Trude Havik - del 2

12.50- 13.50: Lunsj

13.50- 14.50: Det praktiske arbeidet i kommunen. Kva, kvifor, korleis? v/ Cecilie Udberg-Helle

14.50- 15.00: Avslutning og evaluering. Informasjon om etterarbeid ved einingane.

**Det er viktig at deltakarane blir med heile dagen fram til kl 15.**

**Påmelding:**

- **Påmeldingsfrist for den einskilde som skal delta fysisk på hotellet: 27.oktober kl 16 på påmeldingssida. Meld frå om evt. allergiar i merknadsfeltet.**
- **Det er fint om arbeidsplassane som kjem til å delta fysisk sender eit stipulert tal deltakar til programleiar på e-post i løpet av 22.oktober, slik at hotellet får oversikt over ca tal til lunsj.**
- **Arbeidsplassane som skal delta digitalt melder frå til programleiar på e-post i løpet av 22.oktober slik at me har oversikt**

Velkommen til fagleg påfyll gjennom planleggingsdag i Sognaregionen!

Med helsing, på vegne av arrangørgruppa:

Ingrid Steine Bortne

Programleiar «System for styrka læring», barnehage- og skuleutvikling

Sognaregionen - Sogn kommunalt oppgåvefelleskap (KO)

Tlf 48 25 03 06